

Rekord på 1314 kilo fisk!

06.10.2011



Jone Rørheim og Sindre Aksnes er to unge og flinke fiskarar i elva

**Det har lenge gått rykter om ein solid fangstrekord i Uskedalselva i denne sesongen og no er tala klare. Det er rapportert inn 1314,2 kilo aure og laks og det er nesten 3 gonger så mykje som noteringa på vel 500 kilo som vart nådd for 2 år sidan. Men gammerekorden er 855 kilo og vart nådd så langt attende som i 1979.**  
**-Det er heilt fantastisk, seier ein glad leiar i elveeigarlaget Johannes Feet til uskedalen.no.**  
**Ekspertane kan også rapportera om svært mykje småfisk i elva. ikkje minst kalkinga har gjeve resultat.**

I denne tradisjonelle aure-elva er det denne sesongen fanga 121 aurer som vog 139,4 kilo.

Her er lakse-resultatet:

\*152 smålaks opp til 3 kilo - tilsaman 272,6 kilo  
 \*198 mellomlaks mellom 3 og 6,9 kilo - tilsaman 872,2 kilo  
 \*4 laksar på over 7 kilo

Den største laksen som er fanga i år vog 8,1 kilo og er teke av ein lokal grunneigar. Han ynskjer ikkje namnet sitt på trykk.

Feet berømmer fiskarane fordi dei er svært flinke til å rapportera om fangstane sine og han er sikker på at rapportane gjev eit korrekt bilet.

Like eins er han glad for at fiskarane set ut att fisk, i dette tilfellet 27,4 kilo aure og 28,7 kilo laks. Elveeigarlaget kjem med det fyrste att med meir informasjon om korleis dette bør skje mest effektivt for å rekruttera fiskebestanden.

Også oppsynsmann Arne Terje Haugland er begeistra over rekorden etter eit lang liv i og ved elva. Men han peikar på at auren utgjorde det meste av fisken i til dømes det tidlegare rekordåret 1979.

Av Ola Matti Mathisen